

PRØVEFISKERESULTAT – HERREVATNET, 7.08.2010


Omtale av vatnet:

- Vatnet er på 47,1 ha og ligg på 1374 moh.
- Berggrunnen i området er prega av fylittbergarter.
- Vasskvaliteten er god, med moderat grunnlag for produksjon og motstand for forsureing.
- Gytemoglegheitene er gode i utløpsbekken.

Omtale av fisken og fisket: (tal i () er tal frå 2001)

- Vatnet vart prøvafiska ei natt med 2 x W. Jenssen prøvegarnserie, tilsaman 16 garn.
- Samla fangst var 63 (62) aurer med samla vekt på 13686 (13235) g.
- Minste ho gytefisk var 37 (34) cm.
- Vatnet vart sist prøvafiska i 2001 og 1992.
- Største fisk var 649 (1040) g, gjennomsnittet 217 (213) g, mot 273 g i prøvafisket i 1992.
- Kondisjonsfaktoren var på 0,96 (1,00) mot 0,98 i 1992.
- Det har ikkje vore satt ut fisk i vatnet etter 1991.
- Andelen fisk med raud kjøttfarge var som følgjer i % fordelt på 6 cm lengdegrupper;

	Under 13-19			19-25			25-31			31-37			37-0ver 40		
Kjøttfarge	H	LR	R	H	LR	R	H	LR	R	H	LR	R	H	LR	R
1992	75	25	0	19	50	31	0	20	80	0	0	100	0	0	100
2001	76	24	0	6	44	50	0	33	67	0	0	100	0	0	100
2010	100	0	0	94	6	0	30	40	30	0	69	31	0	0	100



Resultat:

- Delen småfisk har auka i vatnet.
- Delen av fangsten som var raud i kjøtet er gått ned.
- Gjennomsnittvekta er stabil i vatnet.
- Gjennomsnittleg kondisjon er stabil samanlikna med tidlegare prøvafiske.
- Garnfiskestatistikken frå vatnet er noko mangelfull og varierer frå 0 til 63 kg årleg dei siste åra med eit snitt på 30 kg for dei siste 8 åra.
- Garndøgnreglane for vatnet vart auka frå 40 gd til 80 gd med 39 gd i snitt for dei siste 8 åra.

Tiltak og konklusjonar:

- Det er god og tilstrekkeleg naturleg rekruttering i vatnet. Dette er ynskjeleg å oppretthalda gjennom å ha ei tilstrekkeleg stor gytestamme.
- Dei nye reglane om tal garndøgn har ikkje medvirka til auka uttak.
- Uttaket i kg fisk er for lågt til å oppretthalda kvaliteten på fisken. Samla uttak bør opp i 150-200 kg.
- Delen småfisk, < 25cm bør reduserast, dette kan gjerast med at det i garnfiske vert brukt 1-2 garn med maskevidde 24mm eller mindre.